



Bedriftsidretten v. Olsen, Linda Løland  
Idrettens Hus, Brann stadion  
Postboks 6143, 5892 Bergen

Dato: 18.02.2016  
Vår ref.: 2015/3680-4  
Saksbehandlar: gunradd  
Dykkar ref.:

## Sykle til jobben-aksjonen 2016 – søknad om støtte

Vi viser til søknad frå «Sykle til jobben-aksjonen» datert 12.01.2016, med førespurnad om å dekke deltakarutgiftene for innbyggjarar som er busette utanfor Bergen kommune. Kostnaden med å dekke desse utgiftene er estimert til intill kr 280 000, avhengig av kva alternativ «pakke» som vert valt. Dei som er busette i Bergen kommune får dekka sine utgifter til aksjonen gjennom «Sykkelbyen Bergen». Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom Bergen kommune, Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune der målsettinga er å auke sykkelandelen ved bruk av mellom anna mjuke verkemiddel. Midlar som her er til rådvelde vert nytta både til arrangement og tiltak i regi av «Sykkelbyen Bergen» og til å støtte opp om andre aktørar sitt arbeid med å fremje bruk av sykkel.

«Sykle til jobben» - aksjonen har som mål og få fleire til å nytte sykkel som framkomstmiddel mellom heim og arbeid, og Bedriftsidretten gjer her eit viktig arbeid med å skape merksemd om sykling på nasjonalt nivå. Vi har vurdert søknaden, og finn likevel å måtte avslå søknaden. Årsaka til dette er at fylkeskommunen ikkje har ordningar for slike arrangement og den målgruppa «Sykle til jobben-aksjonen» er retta mot. Slike ordningar finnes gjennom sykkelbyavtaler, og i Hordaland er det berre inngått slike avtaler i Bergen og Stord kommune. Vi ynskjer lukke til med «Sykle til jobben» - aksjonen og fylkeskommunen vil sjølvstilt oppmode sine tilsette til å melde seg på.

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

Gunhild Raddum  
Seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*